

Voss Idrottsråd

Framlegg frå styret i Voss idrottsråd - Medlemskontingent.

Voss Idrottsråd har trong for å gjere tiltak for å styrkje økonomien for organisasjonen som er definert som ein frivillig organisasjon under Norges Idrettsforbund.

I dag får VIR tilført noko tilskot frå Voss Kommune til sin administrasjon kr. 15.000.- pr. år
Ein får dessutan tilført kr. 55.000.- frå kommunen , midlar som har vorte fordelt på laga etter søknad til trenarutdanning og liknande.

Storleiken på tilskota har vore uendra i fleire år og VIR står fritt til å disponere desse midlane.

I **lova for Voss idrottsråd § 4** er kontingent frå medlemslaga ein veg å gå.

Slik ordning er det etter kvart fleire idrettsråd i Hordaland idrettskrets som har teken i bruk.

Medlemslaga har i løpet av siste 5 årsperiode fått tilført aktivitetsmidlar (LA-midlar) frå NIF. Kriteria for tilskotet er antall medlemmer i aldersgruppa 6-19 år.

Storleiken på beløpa har auka monaleg dei siste åra og for 2016 fekk laga i Voss tilført nærare 0.9 mill kr.

Det er eit krav frå NIF at laga årleg sender inn registrering på antall medlemmer pr. 30/4.

Det er å merka at Idrettsråda ikkje får tilsvarende tilskot frå NIF .

I budsjettet for VIR 2017 er sett av kr. 35.000.- til kompensasjon for styremedlemmene for det arbeide som vert lagt ned i samsvar med lova og som kjem den lokale idrotten til gode.

Lag på Voss har no eit samla medlemstal på ca 8000.

Dersom ein innfører ein obligatorisk medlemskontingent på kr. 5 pr. medlem vil dette bety eit tilskot til VIR på ca 40.000.- kr. pr. år.

Ei slik ordning vil ha fleire positive effektar:

-Styrkje økonomien for drifta av Voss Idrottsråd

-Styrkje interessa for større engasjement frå medlemslaga gjennom Voss idrottsråd.

Ordninga må vedtakast av Årsmøtet i Voss Idrottsråd og ha verknad frå og med 2018.

Framlegg til vedtak.

Voss idrottsråd innfører frå 2018 ein obligatorisk medlemskontingent på kr. 5 pr. lagsmedlem.

Styret for VIR utarbeider sjølv rutinar for innkrevjing av kontingenten.

Vedtaket vart godkjent mot 1 stemme.